

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	22.08.22, K1, Bikuben
Møte nr	
Til stades	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Inger Margrethe Lingjerde (Pensionistforbundet), Ulrikke Tranberg (SAFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Everline Mjømen (Vestlandsk Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen) , Bjørn Greve (vararepresentant FFO)
Fråvær	Silje Edvardsdal Thon, Gunnar Langlo, Trude Aarseth, Christine Lønne
Referent	Merete Eide Hernes

Sak	kl	Innmeldt av	Tittel/tema	Tid	Lenke
75/22	09:00 – 09:10	Fast	Velkommen. Godkjenning av innkalling og saksliste.	10 min	
76/22	09:10 – 09:15	Fast	Godkjenning av referat frå brukarutvalsmøte 13.06.22	5 min	
77/22	09:15 – 09:45	Pål Ove Vadset	Orientering om bruk av kunstig intelligens i klinisk praksis	30 min	2 vedlegg
78/22	09:45 – 10:15	Brukarutvalet	Informasjon om 4 gode vaner v/ Ragnhild Manger, Fagråd for klinisk kommunikasjon	30 min	
			Pause	10 min	
79/22	10:25 – 10:45	Merethe Storegjerde	Førespurnad om brukarmedverkerar frå BU i <ul style="list-style-type: none"> • Programstyret Program Sentralblokka • Prosjekt Heilhet og samanheng i Sentralblokka • Prosjekt Traumeintensiv og kirurgisk overvakning • Prosjekt Poliklinikk trinn 2 (medisinsk undersøking, operasjon og postoperativ) 	20 min	1 vedlegg
80/22	10:45 – 11:00	Merete Eide Hernes	Prosjekt Inn- og utskrivning	15 min	
81/22	11:00 – 11:45	Fast	Kva rører seg i sjukehuset? v / viseadm.direktør Randi-Luise Møgster	45 min	
82/22	11:40 – 12:00	Anne Kvalheim	Førespurnad om brukarmedverkerar i Helsefellesskap; <ul style="list-style-type: none"> • SSU • OU Bergensregionen • OU Voss • OU Bergen 	20 min	1 vedlegg
			Lunsj	30 min	
83/22	12:30 – 13:15	Brukarutvalet	Informasjon om rapport etter tilsyn med Habiliteringstenesta for barn og unge. Informasjon om tilsynets tilbakemelding i saken om barnevernsmeldingar v/ klinikkdirktør Ansgar Berg	45 min	1 vedlegg
84/22	13:15 – 13:45	Brukarutvalet	Informasjon om Antibiotikaprogrammet V/ Brita Skodvin, leiar Antibiotikateamet	30 min	
85/22	13:45 – 14:00		Eventuelt	15 min	

[Sak 75 /22; Godkjenning av innkalling og dagsorden](#)
Godkjent.

[Sak 76 /22; Godkjenning av referat](#)
Referat frå møtet 13.06.22 er godkjent utan merknader.

[Sak 77 /22; Orientering om bruk av kunstig intelligens i klinisk praksis v/ Pål Ove Vadset og Erlend Hodneland, Seksjon for helsetenesteutvikling](#)

Saka gjeld:

Seksjon for helseteneutvikling har eit sandkasseprosjekt saman med Datatilsynet der ein ser på moglegheita for bruk av kunstig intelligens i klinisk praksis. Ein ønsker å bruke kunstig intelligens for å fange opp pasientar som har hyppige reinnleggingsar, slik at ein kan sette inn førebyggande tiltak for å unngå dette. Målet er å bidra til betre livskvalitet for desse pasientane. Seksjon for helsetenesteutvikling gav ei orientering om arbeidet til Brukarutvalet og ba om innspel på om tilnærminga til bruk av pasientdata er rimeleg, og om informasjonsskrivet og journaldokumentet dei har laga er forståeleg.

Tilbakemeldinga frå Brukarutvalet er at det er greitt at man har same tilnærming til dette som til andre beslutningsstøtteverktøy. Brukarutvalet håper at fastleger/kommunar vil komme med i dette arbeidet – dei kjenner pasienten best. Viktig også å koble på Helsefellesskapet. Ein tenkar prosjektet vil vere bra for pasienten.

Avgjerd:

Brukarutvalet tar informasjonen til orientering, og ber om at dei blir heldt underretta om prosjektet.

Oppfølging:

Linda sender skriftlig tilbakemelding til Pål Ove Vadset

[Sak 78/22; Informasjon om 4 gode vaner v/ Ragnhild Manger](#)

Saka gjeld:

Fagråd for klinisk kommunikasjon ved Ragnhild Findal Manger var invitert av Brukarutvalet for å gje informasjon om kva 4 gode vanar er, og korleis opplæringa skjer.

Avgjerd:

Brukarutvalet takker for informasjonen.

Oppfølging:

Eli undersøker kven som vil delta på eit kurs frå Brukarutvalet.

[Sak 79/22; Førespurnad om brukarmedverkerar frå Brukarutvalet til «Program Sentralblokka»](#)

Saka gjeld:

Førespurnad frå prosjektleiar i Program Sentralblokka om brukarmedverkerar i programstyre og prosjektgrupper. Eli orienterer kort om programmet, som blei presentert på møte i Brukarutvalet i juni.

Avgjerd:

- Linda inn i Programstyret
- Eli inn i prosjekt Heilhet og samanheng i Sentralblokka
- Everline inn i prosjekt Traumeintensiv og kirurgisk overvaking
- Reidun inn i prosjekt Poliklinikk trinn 2

Oppfølging:

Eli gir tilbakemelding til prosjektleiar Merethe Storegjerde

Innspel i forhold til sengeplasser og poliklinisk tilbod til eldre – fokus på geriatri – viktig å spille dette inn i Program Sentralblokka, og at ein tenker på den store gruppa eldre med mange og samansette problemstillingar.

[Sak 80/22; Brukarmedverkerar til prosjekt Inn- og utskriving](#)

Saka gjeld:

Prosjekt Inn- og utskriving har bedt om brukarmedverkerar til referansegruppe frå Brukarutval, Ungdomsråd og brukarpanela i sjukehuset. Prosjektleiar informerer om prosjektet og at målet er trygge og gode overgangar mellom sjukehus og kommune, mellom sjukehus og internt i sjukehuset. Prosjektleiar vil ha tett dialog med brukarmedverkerane i referansegruppa. Brukarutvalets tilbakemelding er at dette kan gje ein god brukarmedverking.

Avgjerd:

Atle går inn i dette prosjektet

Oppfølging:

Merete sender meir informasjon om prosjektet til Atle

[Sak 81/22; Kva rører seg i sjukehuset? v /Randi-Luise Møgster](#)

Saka gjeld:

Informasjon frå viseadministrerande direktør om situasjonen i sjukehuset.

Det har vore ein særslig sommar med full aktivitet på alle deler av sjukehuset. Usikkert kva det er som gjer at trykket inn i sjukehuset og belegget har vore så stort. Sjukehuset står ovanfor ein krevjande budsjettsituasjon. Det er stor pågang i Psykisk helsevern for barn og unge, og ein ny normal med eit vesentleg høgare nivå enn tidligare. Også Psykisk helsevern for vaksne har stor pågang, og langt fleire pasientar enn tidlegare.

Avgjerd:

Brukarutvalet tek informasjonen til orientering.

[Sak 82 /22; Brukarmedverkerar til Helsefellesskapsstrukturen](#)

Saka gjeld:

Det er bedt om brukarmedverkerar i Helsefellesskapsstrukturen der ein ønsker representant frå Ungdomsrådet som Helse Bergen (HBE) sin brukarrepresentant inn i Strategisk samarbeidsutval (SSU), og representantar frå Brukarutvalet inn i områdeutvala (OU) OU Bergen, OU Bergensregionen og OU Voss. Brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale sjukehus (HDS) har sin representant i SSU frå Brukarutvalet, og skal veksle mellom å vere vara her saman med representanten frå Ungdomsrådet.

SSU møter fire gonger i året, og ein kan ha møtande vara til møte i SSU. Dei som skal møte må ha ein bred prosess i eit rigga brukarutvalsapparat i forkant. Det er presisert at i helsefellesskapet skal ein tenke stort, ein representerer ikkje ein organisasjon, men eit fellesskap og alle brukarar i stort.

Representantane blir valt for 4 år, dei må ha møte seg i mellom for å avtale om det er 1 eller 2 år om gangen som vara.

Avgjerd:

OU – Bergen: Eli Sjo blir Helse Bergen sin brukarrepresentant her. Ettersom ein her skal veksle mellom Brukarutval HDS og HBE ønsker Brukarutvalet i Helse Bergen at ein kan ha møtande vara i desse møta.

OU – Bergensregionen: Linda Haugland fortsetter her. Eli Sjo er vara.

OU – Voss: Atle Grung Eide går inn her. Everline Mjømen er vara.

Oppfølging:

Eli Sjo gir tilbakemelding til Samarbeidssekretariatet v/ Anne Kvalheim

[Sak 83/22; Informasjon om rapport etter tilsyn v/ klinikkdirektør Ansgar Berg](#)

Saka gjeld:

Brukarutvalet har invitert klinikkdirektør for barne- og ungdomsklinikken til Brukarutvalet for å få informasjon etter tilsynet Habiliteringstenesta for Barn og Unge og rapporten som kom i juni 2022 og oppfølginga av denne. Det blei også gitt informasjon om tilsynet om barnevernsmeldingar.

Avgjerd:

Brukarutvalet tar orienteringa til etterretning og ber om å bli involvert i forbettingsarbeid framover.

Oppfølging:

Linda sendar tilbakemelding til klinikkdirektør Ansgar Berg.

[Sak 84/22; Informasjon om Antibiotikaprogrammet v/ Brita Skodvin, leiar i](#)

[Antibiotikateamet](#)

Saka gjeld:

Brukarutvalet inviterte leiar av Antibiotikateamet i Helse Bergen til å informere om Antibiotikaprogrammet. Ho orienterte om målet med programmet og korleis dei jobbar for å få ned antibiotikabruken og sikre rett antibiotikabruk i sjukehuset.

Avgjerd:

Brukarutvalet takkar for presentasjonen, og vil gjerne bli involvert i eventuelt forbettingsarbeid.

[Sak 85/22; Eventuelt](#)

Eli er med i Fagråd for ernæring, og har fått ei sak til høyring. Frist for innspeil er 05.09.

Avgjerd:

Eli sender ut dokumentasjon til medlemmane i Brukarutvalet og dei som er interessert kan sende innspeil til Eli innan 05.09.22